



Diakonien skal vera ei varmt, bankande hjarte i kyrkjelyden og samfunnet.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Tokke

Diakonien syner seg i eit handtrykk til ein ny på gudstenesta, i organisering av Fasteaksjonen, i oppvasken etter føremiddagstreffet for eldre eller som eit stille fakkeltog i Kleivgrend.

Handling og bøn må bli eitt. Årets nyord i 2019 blei *klimabrøl*. Det trengs mange brøl for klima framover. Utsiktene er skremmande, men ei kyrkje som er bygd på *oppstoda*, og bygger på tru, von og kjærleik, kan aldri anna enn kjempe vidare. No er utfordringa å gjere handling og bøn til eitt, slik det står i salmen.

Eg skulle ønske sterkare rop mot endringane i norsk kriminalomsorg. I 20 år har ulike regimer prøvde å kvitte seg med skogsleiren i Kleivgrend i Fyresdal. 12 desember vart leiren stemt ned i Stortinget. Det moderne diakoniarbeidet starta i Tyskland med Flidner og Wichern på 1800-talet. Då var arbeidet for å betre soningstilhøva eit viktig område. Etter mi meining trengs det ein ny diakonal kamp for norsk kriminalomsorg. Korleis ta vare på menneskeverdet i norske fengsl? Det er leit at ein ikkje hentar røynsler frå Fyresdal. Tema på årets Diakonisamling for Vest- Telemark var: »Kva kan norsk kriminalomsorg lære av Kleivgrend- modellen?»



Ein diakoni som utfordrar. Ei rettesnor i alt diakoniarbeidet er å vera utforande i si omsorg, og gjerne ta oppgåver ingen andre gjer. Sjå etter dei som fell utanom. Difor starta prostidiakon Per Emanuelsen opp visitorteneste for dei innsette i leiren i 1986, og vart den fyrste fengselsdiakonen her. Men visitorane måtte ikkje kome tomhendte på besøk,

meinte han, og fekk gode folk i bygda til bake kaker. Denne kaketrafikken bygde relasjon med bygda og kyrkja, og me ser dette igjen i den store oppslutninga kampen for leiren har hatt i Fyresdal.

Då varslet om stenging kom, i Statsbudsjettet for 2020, stilte 100 menneske opp i eit fakkeltog framom

skogsleirporten. Mange har undra seg over at ein legg ned noko som er så bra og billig? Men denne nedlegginga handlar om ideologi. Justisminister Kallemyr (FRP) sa i Kleivgrendordskiftet i Stortinget; «Dei som valdtek og drep skal ikkje sone i open soning.» Dette er eit paradigmeskifte i

norsk kriminalomsorg. Slik blir det meir innlåsing og isolasjon, imot råda frå fagfolka innan kriminalomsorga:



– *Det er ingen ting i forkinga som tyder på at hard straff har en positiv effekt på tilbakefall til ny kriminalitet. Vi har derfor ingen ting å hente på å lage en «straffekoloni». Slik bare øker tilbakefallsprosenten.* (Ass. regiondirektør i Kriminalomsorgen region Vest Leif Waage til Aftenposten i samband med eit besøk til det opne fengselet Ulvsnesøy.)

Menneske er verdien. Kampen om Skogsleiren handlar om kva for ein kriminalomsorg me vil ha. Arbeidsplassane er ei sak for seg sjølv. Men det er mennesket som er verdien både i kriminalomsorga og diakonien. Det er ei stort tap for norsk kriminalomsorg –for innsette, tilsette, men og heile samfunnet – at leiren i Fyresdal blir lagt ned etter nesten 50 år.

Relasjonar og brubygging er grunnlaget i diakonien, og då er det



diakonale grasrotarbeidet gjennom samtaler og oppfølging viktig. Sist år har det vore 510 samtaler.

Alt det gode samarbeidet som fins. Pilegrimsarbeidet er eit håpsprosjekt med mange gode

ting. Folkehelse, kultur og historie, eksistensielle spørsmål, sorg, soning, lengt og samanheng. Det er gode røynsler med pilegrimsvandringar frå Vest-Telemark til Røldal kalla "Å vandre med håp". Dette er eitt samarbeid med KVITO, DPS- Seljord og dei kommunale psykiatritenestene. "Vandring mot fridom" i samarbeid med Arendal Fengsel avdeling Kleivgrend er ei anna godt døme på samarbeid. Samhandling kan vera komplisert. Men om folk som likar kvarandre kan samarbeide om alt. Trass, i livssyn. Det er dette som er så fint i Vest-Telemark, alt det gode samarbeidet som fins.

Ein pris til Vest- Telemark



Definisjonen av diakoni, er evangeliet i handling.

For å gjere dette har eg fått ein Diakonipris.

Kyrkjerådet, Noregs Kristne Råd, Stiftinga CRUX og

Det Norske Diakonforbund synest det var ein god

idé å gje prisen til meg. Sjølv veit eg om mange ting

som kunne tale mot å gje meg ein slik pris. Men i

euforisk glede sa eg til Vest- Telemark Blad at det

var fortent. På heimebane var det kommentert at

slik seier ikkje ein audmjuk prisvinnar! Men så er eg

heller ikkje så audmjuk på diakoniens vegne. Kanskje det er difor eg har fått

ein pris? Jesus er det store diakonale føredøme. Han set standard for kva

kyrkja skal gjere. Ein raud tråd her er at ta vare på dei som fell utanom:» Det

du gjorde mot ein av desse mine minste gjorde du mot meg». Prisen har eg fått.

Det står namnet mitt på han, men mest er det ein pris til Vest- Telemark. Til

dei modige menneske som på 1970- talet byrja å snakke om å lage ei stilling


for eit heilt prosti og fem kommunar. Det var stort det dei fekk til. Prisen deler eg gjerne med Per Emanuelsen som var diakon i Vest- Telemark frå 1986-90. Han viste korleis ei slik vidfemnande stilling kunne fungere. Ein del av prisen går til Oscar J. Garnes i Vinje , styreleiar i «Prostidiakonatotet» i 24 år, som har støtta opp om denne litt merkeleg Vest- Telemark ideen. Ikkje minst går prisen dei kyrkjelege fellesråda, alle kyrkjelege tilsette, sokneråda, diakoniutval og mange , mange frivillige som driv fram diakonien i Vest- Telemark.

Eg trur prisen syner at ein fagutdanna diakon kan få til mykje som nav eit stor nettverk, og det er eg stolt av.

(Diakonispalta i Vest-Telemark Blad 5.11.19)

Arbeidsområde. Oppretting og oppfølging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal/, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomhelsingar, helgemesse og diakonidagar. Desse sokna har oppdatera Diakoniplanar Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal.

Forkynning og undervisning om diakoni. Dette skjer gjennom



gudstenester (20), diakoniundervisning for alle konfirmantane, kursverksemd, diakoniutvals- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad. Og årets nyskaping. Ein podkastserie kalla Diakonalgang. I samband med at kollega Ivar Solbu slutta etter 43 år i Sauherad vart det lage fire podkastar med OU- midlar. Ein finn dei ved ved å søke på «Diakonalgang.» Ved årsskiftet er dei lasta ned 300 gonger.

<https://open.spotify.com/episode/7vBrB2khj5MbfpBjmn5ps?si=xSIxEDndSCWMN6Uwl-C33w>

Opplæring og utdanning av frivillige

medarbeidarar. Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samlingspunkt.



Samarbeid med sokneråd og kyrkjelege

tilsette. Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Siste år har eg delteke på møte med sokneråda i Vinje, Tokke og Kviteseid. Samt nokre stabsmøter i Tokke og Vinje

Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper,


Sist år har eg hatt ei sorggruppe – eller rettare - ”Gå vidare - gruppe i Åmot og Leva Vidare gruppe i Kviteseid samt ei Ung- sorg gruppe i Vinje. Tilsaman 68 deltakarar. I samarbeid med Psykisk helse i Tokke vert det arrangert ei Samtale om Livet gruppe (4 gonger med 9 deltakarar) På Distrikts Psykiatrisk Senter (DPS) i Seljord vert det gjeve tilbode om samtaler gjennom



trefftider annankvar veke, og Samtalegruppa er halde 13 gonger med 37 deltakarar. På Kvitsund er det ”Guys -Group” på Kvitsund. (4 gonger med 64 deltakarar). I haust vart det starta ei Gutegruppe på Høydalsmo skule og ei gruppe for pårørande til demente i Tokke.(Kvileplassen)

Arbeid som fengselsdiakon i Kleivgrend.

I Skogsleiren er det månadlege visitorvitjingar, og elles tilbod om samtaler med underteikna. Kvar gong er det om lag 15 innsette som drikk kaffi og et kake med oss . (Statistikken seier 181). Andreas Valebjørg, Ragnhild Berge og Else F. Metveit har delt på visitortenesta. No når teneste deira er over vert det enno tydelegare kva dei har tydd for dei innsette gjennom åra. Under Diakonisamlinga for Vest- Telemark deltok innsette under



forbøna ,og tema for samlinga erfaringane frå Kleivgrend. For sjuande gong vart det arrangert ei pilegrimsvandring for innsette kalla ”Vandring mot fridom”. Seks innsette deltok saman med Harald Hervik frå leiren. Som vanleg kom sosialklassa ved Kvitsund Gymnas på ekskursjon til leiren. Julesamlinga i Skogsleiren er elles ein god inngang til julehøgtida for inn- og tilsette, visitorar og andre knytt til leiren. Tredje juledag var det juleselskap hjå meg på Dalen. Ein liten ting i det store biletet, -som eg trur vanskeleg å få til i meir lukka institusjonar.

Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege livssituasjonar. Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det uttrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. Fem slike dette året.

Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (39). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte kalla ”Påfyll”. (33) I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har heimeside og Facebookside. No er det 1213 som likar ho. <https://www.facebook.com/ProstidiakonenIVestTelemark/> Opp 78 frå 2019) Kyrkjelydsblada får og jamleg stoff. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK.

Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke


og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med Vest-Telemark Rådet, skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane (samt KVITO og DPS) om ”Å vandre med håp” , vart gjennomført for 11. gong. Samla tal på deltakarar var 140. I samband med ny organisering av NAV i Vest-Telemark, er underteikna beden om å vera med

Brukarutvalet for NAV- Vest-Telemark.



Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonatotet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Statistikk over samtaler i fellesrådsområda, DPS og Skogsleiren



Aktivitet.

Vinje. Tre stabsmøter/ medansvarleg for Verdiseminaret for ungdom i



samband med bispevisitasen og ansvar for seminaret om Eksistensiell omsorg for helsepersonell/ ansvarleg for Verdiseminaret med

markering av Bokåret i Vinje kyrkje i november. Tema «Tekster til trøyst.»



/delteke på gudsteneste under snøformingsfestivalen i Åmot og Palmesundagmesse på Møsstrand/delteke på Helgemesse i Rauland og felles Diakonien Dag for Vinje og Tokke i Nesland kyrkje/leia ei Gå - Vidare gruppe (seks samlingar med 49 deltakarar og ei Ung- Sorggruppe (4 samlingar med 11 deltakarar)/leia to gravferder/delteke på Lys Vaken for Tokke og Vinje/delteke på pilegrimsvandring med konfirmantane i Vinje/delteke i ei gruppe for dei som har mista barn i Tokke og Vinje (eitt møte)/deltek på Krisedag for Vinje/to soknebod/halde andakt på Omsorg-sentret i Rauland og Helsesentret i Åmot/ete julemiddag på Dagsenteret i Åmot.

Kviteseid delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje og Helgemesse same



stad/andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset/ andakt på sundagsmøte på Betel/leia ei minnemarkering på Kviteseid skule/ forretta i tre gravferder/ eitt møte i Psyko- sosial kriseteam/ i lag med miljøarbeidar på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 4 gonger med 64 deltakarar/delteke på



sommarfest og julefest for Lundenjordet på Misjonshuset /organisert ein besøksdag for elevar frå Sosialklassa på Kvitsund i Skogsleiren i Fyresdal /delteke på eit diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteseid/tre Etisk Refleksjonsamlingar på KOS og to

samlingar for Heimesjukepleia/medverka til start av ei gruppe for dei som har hatt kreft (Fatiuge-gruppe) tre samlingar med 39 deltakarar /kåsert på Frivillig- fest for Kviteseid/delteke på ein dags pilegrimsvandring med 1. klasse på Kvitsund/saman med soknepresten leia ei Leva- vidare gruppe (2 gonger med 8 deltakarar)/Snakka om Håp for vaksenopplæringa i Seljord/Kviteseid/ delteke på markering av Verdsdagen for psykisk helse på Kviteseid skule med tema Tid/

Fyresdal Elleve samlingar i skogsleiren (sjå over)/ansvar for



Diakonisamlinga i Moland kyrkje/medlem av kommunal gruppe som arbeidde for å ta vare på

Skogsleiren/forretta i ei gravferd/ kåsert på Pensjonistmøte/leia ei Etisk-Refleksjonsgruppe på POS/ leia ei Snakk om døden- gruppe på Fyresdal



Frivilligsentral (2 gonger med 6 deltakarar)delteke på avskil for Øyvind Mæland og innsetting av Tore Samuelsen

Nissedal. To diakoniutvalsmøter/ undervist konfirmantane i diakoni/



delteke på Peiskos og suppe for nye innbyggjarar i Nissedal/delteke på Verdsdagen for Psykisk helse i

Trungen/ delteke på julegrøt på Dagsenteret på Mila/ snakka om Dobbel Glede på Frivilligsentralen/ delteke på Diakoniens Dag i Treungen/forretta i ei gravferd/delteke under Krisegruppas video-innspeiling



Tokke. Fire stabsmøter pluss ein stabsdag



/ansvarleg for Diakoninsdag felles for kyrkjelydane i Tokke og Vinje med klimafokus/eitt

krisegruppemøte/ansvarleg for

Kirkens Nødhjelp - aksjonen i

Eidsborg/Mo/Skafså/leia to gravferder/

spist julemiddag med Psykisk Helse/to soknebod/ Leia ei Samtale om Livet

gruppe (3 gonger med 9 deltakarar)/ Styremedlem i Tokke Frivillig Sentral/

tent julegrana på Dalen/ delteke under Tv- aksjonen/ei urnenedsetting/leia

ei Gutegruppe på Høydalsmo skule (fire gonger med 18 deltakarar). I

samarbeid med den nye Frivilligsentralen i Tokke er det starta ei gruppe for

pårørande til demente kalla Kvileplassen/ i samarbeid med Tokke

Frivilligsentral organiserer ei Gå- vidaregruppe (2 gonger med 11

deltakarar)



Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og



Kviteseid. Fire styremøter i Diakonatet

samt årsmøtet/ansvarleg for

Diakonisamlinga for Vest Telemark i

Fyresdal/Diakoniprisen for 2019 gjekk til

tilsette og innsette i Arendal fengsel avd.

Kleivgrend/Ansvarleg for Diakonispalta og

Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad

/Prosjektleiari for pilegrimsvandringa frå Grungedal til Røldal med namnet "Å

vandre med håp/ delteke på julebord for Psykisk helse i Vest Telemark i



Seljord/ vore med på psykisk

helseavdelingane i VT si felles utflukt

til Rui/ undervist på eit

Pårørandekurs for Vest- Telemark

om Demens på Dalen / undervist om

Fasteaksjonen på konfirmant treff for

prostiet i Seljord/ delteke på

Yrkesmessa på Vest- Telemark Vidaregåande/medlem av Brukarutvalet for Nav- Vest- Telemark (2 møter). Samarbeid med Psykisk Helse i Fyresdal og Nissedal om ein felles Krisedag for Vest- Telemark/ hatt to hospitantar frå Diakonova ei veke i juni.

Saker og ting utanfor Vest- Telemark. Vara til sentralstyret i Det Norske Diakonforbund (2017-2020)/Delteke på Landstyremøte for DNDF / gjort ferdig AVU-utdanning (Kyrkjeleg Arbeidsvegleiarutdanning) på MF/leiar ei ABV- gruppe (7 samlingar) /fire samlingar for ABV-vegeleiarar i Agder og Telemark/halde føredrag på Pilegrimseminar på Utstein kloster og preika i Stavanger Domkyrkja som ein del av seminaret/delteke på Kirkens Nødhjelp samling på Gardermoen og fagsamling for diakonane i Agder og Telemark på Vegartun/ med diakonkollegar i Øvre Telemark organisert markering av FN's Internasjonale Flyktningdag med pilegrimsvandring i Seljord/delteke på Diakoniens Dag på VID/Diakonhjemmet/undervist ein dag på AOF's Vidareutdanning innan Psykisk helse i Seljord/vert for ei gruppe frå kyrkjelyden på Nordstrand som besøkte Dalen/snakka om pilegrimsvandringar på Eldretreff i Heddal/delteke på avskildsfest Svanhild



Rui Gustavsen i Åmotsdal og Ivar Solbu i Sauherad/to vegleiingssamlingar for stipendiatar på Seljord Folkehøgskule/delteke i panelsamtale under Diakonikonferansen på Diakonhjemmet i oktober/bloggar for Kirkens Nødhjelp. (3 innlegg)/ snakka om « Å vandre med håp» på temakveld i Holter menighet i Nannestad.

Det er godt å vera prostidiakon i Vest-Telemark. Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Alle gode medarbeidarar i , sokneråd og diakoniutval, tilsette, innsette og frivilljuge på mange nivå. Takk til styre, og styreleiar i Diakoniatet Oscar J. Garnes. Takk også til kyrkjevevja i Tokke som legg ting så godt til rette for diakonjobben min i Vest Telemark.

Eilev Erikstein Dalen 31.12.19

Bilder: Bilde av skiltet ved skogsleiren i Kleivgrend

Fakkeltog i Kleivgrend 14 oktober 2019

Stokkutleggingsbrua i Bruhølen i Røldal

Diakoniprisen 2019, utdelt under Diakonikonferansen i Oslo 25.10.19

Skjermdump frå podkasten Diakonalgang.

Gå- vidare gruppa i Vinje 12.januar 2019

Vandring mot fridom gjennom Dyrskartunellen sept 2019

Å vandre med håp er glad for å ha med nokre politikarar. I raudt sit Mette Kalve (AP), fylkestingspolitikar i Telemark/Vestfold

Lunsj under bispevisitsen i Vinje 9.mai 2019

Stabsmøte i Kviteseid, haust 2019

Avskil for Øyvind Mæland i Moland kyrkje , her saman med prosten i Øvre Telemark Asgeir Sele

Konfirmentar i Nissedal klare for Fasteaksjonen mars 2019

Ordførar Jarand Felland klypper snora under opninga av Frivilligsentralen i Tokke 28.august 2019

Felles krisekurs for Psyko-sosiale kriseteam i Nissedal 5.april 2019

Å vandre med håp 2019. Her på toppen av Austmannali 23.august 2019

Kjetil Jensen og Torleiv Hvistendal tek imot Diakoniprisen av Oscar J. Garnes i Moland kyrkje 28.april 2019



Markering av FN's flykningedag med pilegrimsvandring 20.juni 2019

Og heilt sist: frå Å vandre med håp 2019, med Tarjei Vesaas sine ord i mente: Ord, ord, no ikkje fleire ord. Her er mi tyrste hand.